



NVE


Fjellskredovervåkingen  
NVE, Seksjon for fjellskred  
[www.nve.no/fjellskred](http://www.nve.no/fjellskred)



regVarsel FJELLSKRED ▲

## DAGSRAPPORT ORANSJE FARENIVÅ VESLEMANNEN

Dato: 17. november 2018



### Veslemannen

#### ORANSJE FARENIVÅ

NVE overvåker kontinuerlig og i sanntid syv ustabile fjellparti som alle utgjør en høy risiko for fjellskred. Hvert fjellparti har til enhver tid et farenivå etter skala på fire trinn: Lav (grønn), moderat (gul), høy (oransje) og ekstrem (rød) fare.

### Hastigheita er høg, men jamn.

Farenivået vart heva til oransje torsdag 15.11, grunna auka hastigheit. Vatn kom då ned til området som følge av snøsmelting. Sidan då har hastigheita vore høg, men jamn, og er ca. 22 cm/døgn i øvre del av området og i underkant av 3 cm/døgn i frontpartiet. Det er meldt plussgrader til tysdag. NVE opprettheld oransje farenivå.


Veslemannen er ein relativt liten, men svært aktivt del av det ustabile fjellpartiet Mannen i Romsdalen. Medan dei årlege bevegelsene i Mannen (utenom Veslemannen) er nokre få cm i året, har den mest aktive delen av Veslemannen bevegde seg i underkant av 2 meter den siste månaden. Veslemannen har et volum på 120 000 - 180 000 m<sup>3</sup>, noko som utgjør rundt ein prosent av det totale volumet av Mannen.

Ved oransje farenivå blir det publisert rapporter om Veslemannen dagleg på [www.nve.no](http://www.nve.no).

Tabell 1: Måledata den 17. november 2018 kl. 08:30

Målinger	Avlesning	Siste døgn	Sist uke	Sist måned
<b>Bevegelser</b>				
Radar pkt 1 (øvre del) (mm)		262	779	1996
Radar pkt 2 (øvre del) (mm)		170	439	1070
Radar pkt 6 (nedre del) (mm)		14	82	305
<b>Meteorologiske data</b>				
Temperatur (°C)	2,6			
Nedbør (mm)		0		

Figur 1: Bevegelse sidan 14. november 2018.



Figur 2: Oversikt over plassering av radarpunkt.

